

Årsmelding Samnanger historielag 2024

Medlemstal

148 medlemmer, av desse er 29 familiemedlemskap.

Verv

Styret	Navn
Leiar	Knut Harald Frøland
Nestleiar	Helge Villy Hisdal
Kasserar	Gisle Gardar Øye
Skrivar	Toril Tysseland
Styremedlem	Tor Bjørn Wold
Vara	May Tone Lønnebakken
Vara	Vidar Tveiterås
Årboknemnd	
Redaktør	Øyvind Røen
Medlem	Knut Ådne Røen
Medlem	Svein Egil Kvale
Medlem	Thomas Hellevang
Fondstyre	
Leiar	Tone Tysseland Holmefjord
Medlem	Bjarne Hauge
Medlem	Audhild Olsnes
Revisor	Arne Nordbø
Valnemnd	
Leiar	Solvor Aadland
Medlem	Audhild Olsnes

Fotograppa er ikkje etablert med formelle verv.

Personvern

Personvernlova gjeld for arbeidet historielaget gjer med innsamling og oppbevaring av persondata. Styret har overordna ansvaret for dette. Av praktiske grunner delegerer styret ansvaret til dei enkelte gruppene. Dette gjeld i særleg grad årbokkomiteen og fotogruppa, som begge over tid har samla eit betydeleg materiale med persondata. I tråd med lova skal laget på heimesida ha visning av dei to dokumenta "Behandlargarunnlag" og "Personvernerklæring". Disse dokumenta skal danne grunnlaget for gruppene sitt arbeid i framtida med innsamling og oppbevaring av personopplysningar.

Aktivitetar

Det har vore gjennomført 8. stk styremøter inkl. lansering årbok.

*

I starten av driftsåret vart det gjort naudsynte endringar av laget si heimeside. Mellom anna er laget sine vedtekter no lagt ut på heimesida.

*

Historielaget har sørja for glassmonter med tilbehør til kiste på biblioteket.

*

Styret og årboknemnda deltok på foredrag halde av Memoar. Memoar sitt føremål er å fremje ein kultur for å ta vare på, og dela munnlege forteljingar om levd liv, under mottoet: «Alle har ei forteljing å dela». Foredraget handla om å samle munnleg dokumentasjon om lokalhistoriske utviklingsliner, organisera, tilverka, gjera stoffet lett tilgjengeleg for andre, sikra ein etisk arbeidsmåte og ei trygg langtidsarkivering. Særleg etiske dilemma under innsamling og publisering av materialet vart drøfta i møtet. Det kan vera mange interessante intervjuobjekt, so no treng me personar som vil intervjuva eldre folk i Samnanger ved å nytta seg av det verktøyet som vart presentert på møtet.

*

Styret har hatt drøftingar med årboknemnda om utforming av årboka. Til neste år vil styret legge opp til eit endå tettare dialog med årboknemnda og foreslår at dette blir lagt inn i laget sine vedtekter.

*

Helge Hisdal har også dette året hatt med seg 6. klasse på treskoverkstad. Det er planar om opptak av lyd og bilete av hans presentasjon, slik at dette opplegget vert sikra for framtida.

*

I samband med Samningaveko held Øyvind Røen og Tor Wold gode foredrag. Øyvind om stadnamn i Samnanger og Tor om Jacob Deby. På Tyssedagane gav Knut Harald hjelp til dei som ville teste ut Stolpejakta.

*

Det vart sendt inn søknad til Språkrådet om midlar til stadnamn-prosjekt, med Øyvind Røen som prosjektleiar. Søknadsfristen var 1. mai. Språkrådet avslo søknaden, men me vart oppmoda om å senda ny søknad til neste år.

*

Historielaget sin tur til Stalheim, Bakka og Gudvangen vart gjennomført laurdag 7. september med full buss, fint ver og minnerike opplevingar. Ein vellukka tur, med Helge Hisdal som turleiar.

*

Styret vedtok å gje 5.000 kr. Til O-gruppa for å dekke kostnader med Stolpejakta i 2024.

*

Det var fotoutstilling i biblioteket frå 17.-27. oktober, med foto frå Børdalen, Høysæter og Svendsdalen. Dette er tredje året på rad med fotoutstilling på biblioteket. Utstillinga var igjej vellukka med mange besøkjande – over 300 stk.. Fotogruppa tar ein pause i 2025 mht utsilling.

*

Historielaget har etter kvart eit stort digitalt fotoarkiv. Det er eit omfattande arbeid å sikra dette materialet for framtida. Fotogruppa jobbar med å få systematisert og arkivert dette på ein forsvarleg måte. Historielaget har og eit lager med papirbilete.

*

Styret er i gang med historiske foredrag der me engasjerer eksterne forelesarar og foredrag med lokal vri, med aktuelle historiske tema. Me planlegg nye foredrag i mars og i Samningaveko. Til hausten legg me opp til 2 stk. foredrag.

*

Styret har gitt uttale til pågåande planlegging av næringsareal i Raunekleiva.

*

I fleire historielag blir det gitt godtgjersle til styremedlemmane. Styret vurderer å innstille til årsmøte at dette også blir etablert praksis i Samnanger historielag.

*

Styret har fått på plass nytt trykkeri (Knarvik) og erfaringa mht kvalitet var akseptabel og pris var god. Styret er takksam for arbeidet årboknemnda legg ned år etter år. Gjennom årbøkene har me verkeleg fått med oss mykje om farne dagar i bygda vår. Me er vortne rikare.

*

Jamfør vilkår for kommunale gåver til frivillige lag og organisasjonar ved åremålsjubileum vil Samnanger historielag få ei gåve frå Samnanger kommune på kr. 15 000.

*